



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
46/19	Formannskapet	11.06.2019
23/19	Kommunestyret	18.06.2019

Sande kommune - innspel til ruteendringsprosessen 2020

Samandrag:

Møre og Romsdal fylkeskommune har starta opp det årlige arbeidet med å tilpasse/endre rutetilbodet for kollektivtransporten. Evt ruteendringar vil i hovudsak virke frå 1. mai 2020.

Møre og Romsdal fylkeskommune har invitert bl.a. kommunen til og kome med innspel til arbeidet.

Denne saka har til hensikt å gi innspel til det vidare arbeidet med kollektivtilbodet i regionen.

Formannskapet 11.06.2019:

Behandling:

Samr. som tilrådinga.

FSK- 46/19 Tilråding:

Sande kommunestyre viser til saksframstillinga, og bed om at Møre og Romsdal fylkeskommune utvidar dagens Fram Ekspress tilbod med ny ekspressrute Volda - Furene - Garnes - Moa.

Rådmannen si tilråding:

Sande kommunestyre viser til saksframstillinga, og bed om at Møre og Romsdal fylkeskommune utvidar dagens Fram Ekspress tilbod med ny ekspressrute Volda - Furene - Garnes - Moa.

Vedlegg:

Brev av ruteendringsprosessen 2020

Saksopplysningar:

Ruteendringsprosessen for ferje-, hurtigbåt- og bussruter er ein årviss aktivitet som har som mål å optimalisere kollektivtilbodet i fylket innanfor tilgjengelige rammer.

Forslag om ruteendringar som tidligare er sendt inn er ikkje nødvendig fremme på nytt.

Møre og Romsdal fylkeskommune bed om at innspel må vere kome innan 26.juni. Viser til vedlegg for meir informasjon om prosessen

Vurdering og konklusjon:**Innspel frå Sande kommune**

Fylkeskommunen har i dag etablert FRAM Ekspress som «merkevare» i Møre og Romsdal, og følgande ekspressruter er i drift:

- FRAM Ekspress rute 101/100 Volda-Ålesund-Molde-Kristiansund
- FRAM Ekspress rute 420 Molde-Åndalsnes (togbuss)
- FRAM Ekspress rute 681 Ålesund-Åndalsnes (togbuss)
- FRAM Ekspress rute 901 Kristiansund-Oppdal (togbuss)
- FRAM Ekspress rute 902 Molde-Sunnalsøra-Surnadal-Trondheim (Mørelinjen)
- FRAM Ekspress rute 905 Molde-Kristiansund-Trondheim (Mørelinjen)

Gjennom arbeidet med å etablere nytt bussknutepunkt på Garnes, vart det skapt forventningar om eit betre kollektivtilbod på ytre Søre Sunnmøre. Spesielt hadde ungdommen forventningar til auka valmuligheiter for å reise kollektivt, enten reisemåla var mellom kommunesentra på Søre Sunnmøre eller reisemålet var Ålesund/Moa. Vidare var det store forventningar om eit betre skulebussalternativ. Så langt har ikkje forventningane vorte innfridd.

Sande kommune ynskjer at det vert etablert ei Fram Ekspress rute over Garnes (Volda-Furene-Garnes-Moa). Med tilhøyrande betre materuter inn/ut mot Garnes vil ei slik ekspresssture over Garnes gi:

- Betre bussfrekvens mellom dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre.
- Betre frekvens og samordning mot dei vidaregåande skulane på Søre Sunnmøre, våre høgskular, sjukehusa og flyplassar mm.
- Betre frekvens mellom Søre Sunnmøre og Nordre Sunnmøre (Moa bussterminal).

Likestillingsmessige sider ved saka: Ikkje aktuelt

Konsekvensar for folkehelsa: Positive

Miljøkonsekvensar: Positive

Økonomiske konsekvensar: Nei

Beredskapsmessige konsekvensar: Nei

Konsekvensar for barn og unge: Positive



Møre og Romsdal
fylkeskommune

«MOTTAKARNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTAD»

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
«REF»	«REFDATO»	40427/2019	Atle Ræstad, 71 28 01 25	02.05.2019

Ruteendringsprosessen 2020 - Innspel frå kommunar og operatørar.

Den årlege ruteendringsprosessen for ferje-, hurtigbåt- og bussrutene vil starte i august 2019. Eventuelle endringar vil gjelde frå 1. mai 2020.

For å få ut ny ruteinformasjonen rettidig til 1.mai 2020, er det viktig at fristen for innlevering av innspel blir overhalden. I praksis må nye rutetider offentliggjeras før jul kvart år.

Kommunar og andre som ønskjer å gje innspel til prosessen blir bedne om å kome med desse no. Det er i denne prosessen viktig at kommunane involverer t.d. skular og trafikknemnder for også å få innspel derifrå. Innspel (buss, ferje og hurtigbåt) må sendast samla, men spesifisert på kvart enkelt transportmiddel til Møre og Romsdal fylkeskommune v/samferdselsavdelinga.

Fylkeskommunen har avgrensa økonomiske ressursar og har dermed lite spelerom, og det er såleis ønskeleg at kommunane og andre har ei tydeleg prioritering på sine innspel. Eventuelle forslag til kutt i ruter/turar med dårleg belegg, vil styrke forslag til auke på ruter/turar der behovet er aukande.

- Forslag på ruteendringar som er fremma tidlegare og av ulike grunnar ikkje har vorte gjennomført, er unødvendige å fremme igjen.
- Forslag til ruteendringar som gjer korrespondansar betre vil bli prioritert.
- Forslag som gjeld endringar i rutetidene på riksvegferjerutene (rute nr: 10, 11, 33 og 48) må tas direkte med Statens vegvesen.
- Forslag til endringar av haldeplassar eller andre saker som ikkje angår rutetidene spesifikt, må sendes i eige brev utanom denne ruteendringsprosessen.

Hugs at mange av ferjesambanda får nye rutetider frå 1.januar, når nye anbod vert starta opp.

I samband med arbeidet med «Prosjekt kollektivtransport Kristiansund» vil det bli sendt ut eit høyringsbrev til Kristiansund og Averøy kommunar i løpet av veke 19 med ein høyringsfrist som er lik høyringsfristen i dette brevet.

Vi ber om at innspel blir sendt oss **innan 26.juni 2019** (utan at heile saksbehandlinga i kommunen vert vedlagt).

Med helsing

Stig Helle-Tautra
seksjonsleiar

Atle Ræstad
Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur